

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Stein Kittelsen
Arkivsaksnr.: 17/1395 - 12

Arkiv: 145

Planlagt behandling:

Hovudutval for lokal utvikling
Hovudutval for helse og velferd
Hovudutval for skule og barnehage
Senior- og brukarråd

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2018 - 2021

Bakgrunn for saka:

Økonomiutvalet fremma forslag til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21 i møte 30. oktober.

Forslaget blir med dette sendt ut på intern høyring før formannskapet gjer si innstilling 27. november.

Høyringsfristen er sett til 23. november.

Forslag til betalingssatsar ligg inne som ein del av budsjettforslaget. Det blir ikkje lagt fram eigne saker om desse med unntak av byggjesaker. Forslag til endringar i satsane må visa budsjettmessig verknad. Forslaga vil følgje saka til formannskapet og kommunestyret.

Det er i høyringsforslaget avvik mellom tekst og forslag til renovasjonsgebyr. Det vil bli lagt fram korrigerede tal til behandlinga i møtet til hovudutval for lokal utvikling 21.november.

Vidare saksgang:

Formannskapet si innstilling den 27. november blir lagt ut til offentleg høyring fram til kommunestyret behandlar saka 11. desember.

Vedlegg:

Følgeskriv – intern høyring med vedlegg.

Forslaget er lagt fram som webdokument:

<https://www.klepp.kommune.no/planer-og-rapporter/utkast-budsjett-og-okonomiplan-2018-2021/>

Forslaget er plassert på nettsida til kommunen under Økonomi, Budsjett og økonomiplanar, Dokumentet kan skrivast ut ved å velja «Utskrift» på første sida i webdokumentet.

Innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Rådmannen i Klepp 09.11.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.